

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39.

Fylke: Telemark.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Nissedal.

Emne: Högtidsmat ved familie-
fester.

Bygdelag: Kyrkjebrygda.

Oppskr. av: Sven Grimstvedt.

Gard: Grimstvedt.

(adresse): Seljord.

G.nr. 12 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Jörgen Grimstvedt, f. 1872. Bonde og bankkasserar.

SVAR

A. Födselen.

1. Ja.

2. Helst i grupper, men og åleine.

3. Ja, av og til.

4. Kring 8 dagar etter.

5. Ei gong.

6. Det var smörgraut, feitgraut, risgraut, kling eller kake.

7.-

8. Grauten var i sendingsbytte, som gjerne var brend inn roser på. Eller og rose måla eller utskora. Lefsa, klingen, bar dei i sendingsask. Den var rund og ofte brend roser i.

9. Dei kalla alt saman for SENDING.

10. Ar kona frisk gjekk ho sjöl, men ho kunne og senda dötteri eller tenestegjenta.

11. För var det vanleg at mannen fylgde og bar graut-en. han vart då og gjerne rppa inn. Men dette er det etter kvart blitt slutt på. Kona gjeng åleine.

12. Dei fekk öl, kaker, -og kaffe og mat. Stundom og middag. Ingen skilnad om det var gut eller gjente.

13. Det kallst sendingslag.

14. Nei, ikkje brukt.

15. För i tuda bare til gifte. Nå og til ugifte stund om, men ikkje så mannjamt.

16. Det er endå i bruk å senda graut. Men sukkerbröd t.d. komi bruk kring 1910. lautkake kring 1930. Elles kunne ein gje koppar, krus, fat og töy.

17. Nei.

Men den fysste karen, mannen, som kom i huset etter barnsöl, laut leggja på vogga. Gjorde han ikkje det, ville den vesle reisa med hatten frå han, sa dei.

Det hende og at folk la pengar på vogga. t.d. lo kr.

18. Denne skikken er stort sett burte.

19. Det var ikkje noko fast med det, men kom det nokon, så var det faddrar og dei aller nærmeste.

20. Det kallast DÅPSLAG.

21. Sendingen hadde dei med seg. För var det gjerne vanleg suppemat.

22. Den som bar barnet gav gjerne mest.

23. Nå er det vanleg slekt og nære vener.

Emne nr. 39. Högtidsmat. (Nissedal).

24. a.

- Det var sjeldan. Tok til litt kring 1890.
b. Det slumpa for eldre folk med runde år.
25. Nå er det ofte selskap, helst ved runde ~~tall~~ tal.
Det er etter som det fell seg. Ofte vert det ~~ikkje~~ ikke bede, men det kjem folk av seg sjölv.
26. Det er sjeldan at vaksene bed nokon nå,- folk bare kjem.
27. Av og til kjem gjestene med gåver. "en det er på ingen måte noko plikt.
28. Det er gjerne om kvelden dei kjem, og det bli servera øl, kaffe og kaker,- og sume tider varmrrett.
29. Ja of-te sjokolade, og blautkaker, -og for born ofte ~~lykkes~~ lykkes på kaka.

C. Konfirmasjon.

30. I gamal tid ikkje noko særskilt feiring.
31. Ja, ofte. Kom i bruk kring 1915. Fyrst og fremst
32. slekta, men lærar og prest er gjerne med ein
eller annan stad.
33. Gjestene har med seg sending.
34. Dei som er bedne har med, eller sender gåver.
35. Nei.

D. Bryllup.

36. Ikkje i gamal tid, men av og til i nyare tid.
37.-
38. a. Det var gjerne tri måltid.
b. Fyrst var det øl.
Så kling, gomme smörbröd og kaffe.
~~Kjøtspølse~~, kjöt, erter, poteter - Ikkje dessert.
Kjøtsuppe
----- Jolekake, smörbröd, spekekjöt smör og
gomme.
c. Ikkje nokon sers.
d. Nei, det var som regel same slag mat.
39. Dei hadde med kjöt, lefse,
Av lefse 4 kast. Det er 16 leivar. Det vart nytta
ei mork smör til kvart kast. Til dette høyrdé eit
spann med gomme (4-5liter)
40. Nei.
41. Nei. gjestene hadde det med seg når dei kom. Det var
gjerne 1 saulår.
42. Det var bare SENDING.
43. Gjestene kom med det i sendingsask.
44.-
45.-
46. Ei kokke stod for maten. Men det vart ikkje s
sendt med noko heim att.
47. Ja, gjerne to dager. Men helst bare ein dag.
48. Sume held bryllup på hotell eller i byen.
49. Ja, av og til.
50. Dei fører gåver etter kvart.
51. Ja, av og til, men bare med runde tal.

E. Gravöl.

52. Grenda , slekt og vener.
 53. 1 dag.
 54. Tre mål som i bryllop. Det vart servara ved langbord.
 55. Nei.
 56. Middag.
 57. Bare i heimen.
 58. Gjestene hadde med Sending.
 59. Ein hadde ein duk rundet sendingen ,-og la han i ein ask .
 60.-
 61. Nei.
 62. Har halde seg om lag på same måten som nå.
 63. Det vart bryggja sterkt øl. Brennevin svært lite nytta i gravöl.
 64. Nei.
 65. Det er som regel öi og kaker. Vanleg festmiddag. Sume brukar i det siste feitgraut eller ~~rjomegraut~~
 Så er det kaffe og kaker.
 Gjerne øl eit par gonger til, og mange gonger kveldsmat.
 66. Nei , mest aldri.
 67. Det hender,særleg etter einslege.
 68. Nå bed ein gjerne i avisene, - men før hadde ~~et~~ ein bedarmann som gjekk ikring og bad inn .
 69. For kring 20 år sida, i trettiåra.

F. Nye fester.

70. Nei ingen tradisjon om maten 17.mai.
 71. Ja, nå er det ganske vanleg. Byrja for kring 20 år sidan,- i trettiåra .
 72. Ja, farsdagen bli og etter kvart meir feira.
 73. Nei.
 74. Nei, dei fleste bakar sjølve.
 75. Gjennom aviser,- og hefte.